

## Vedlegg 2 til Tiltaksplan 2020 - Om marin forvaltning og arealbruk i Vestland

### Akvakulturforvaltning


Fylkeskommunen har det koordinerende ansvar for handsaming av søknader etter akvakulturlova; søknader om løyve til nye oppdrettslokalteter, endring på eksisterande lokalitetar i sjø og på land. Vi handsamar også søknader om nye løyve til landbaserte anlegg for produksjon av laks og aure, marin fisk, skaldyr og tare.

Sakshandsaminga inneber å kvalitetssikre søknadane, sende dei handsaming til kommunen der det er søkt og til ulike sektormynde for handsaming etter anna lovverk; Fylkesmannen, Kystverket, Mattilsynet og Fiskeridirektoratet samt til NVE der det er snakk om bruk av ferskvatn. Når det føreligg løyve etter forureiningslova, hamne- og farvasslova, Matlova og i enkelte høve vassressurslova kan vi fatte endeleg vedtak etter akvakulturlova.

Saksmengda kan vere opp i 150 søknader i året. I tillegg kan vedtak bli påklaga, og klagesaker tar mykje sakshandsamingstid.

Vi har eit godt og tett samarbeid med sektormynde, og arrangerer faglege møte kvart halvår eller etter behov.

Detaljert oversikt over sakshandsaminga synast i figuren under



### Faks og samarbeid mot andre fylke og andre etatar

Fagmiljøet innanfor akvakultur i fylkeskommunane, har sidan 2010 tileigna seg spesialkompetanse innan forvaltning, kystsonoplanlegging og utvikling av marin sektor.

Koordinering av fylkeskommunanes Akvakultursamarbeid (FAKS) starta opp 01.01.2016. FAKS består av fylka Troms og Finnmark, Nordland, Trøndelag, Møre og Romsdal, Vestland, Rogaland og Agder fylkeskommune. FAKS samarbeidet er vidareført i eit 10-årig prosjektet, FAKS 2030. Det er viktig at forvaltninga av oppdrettsnæringa er samordna. Vestland fylkeskommune vil bidra til dette fellesarbeidet gjennom deltaking i FAKS samarbeidet.

Dette er i samsvar med målsettinga i handlingsprogrammet som seier at Vestland fylkeskommune skal bidra til vidareutvikling av nasjonalt, regionalt og lokalt samarbeid innan akvakulturforvaltning.

## Arealforvaltning

Fylkeskommunen har ansvar for å ivareta akvakulturinteressene i kommunale arealplanprosessar, og har motsegnrett.

Akvakulturnæringa er ein av fleire interesser i kystsona det skal planleggast for, men det er nasjonale forventningar til at det vert sett av areal til berekraftig vekst av akvakulturnæringa gjennom oppdaterte planar, som også ivaretek miljøomsyn og andre samfunnsinteresser.

Tilstrekkeleg og store nok akvakulturområder i kommuneplanane er avgjerande for ei berekraftig utvikling av næringa. Uavhengig av om det i produksjonsområdeforskrifta opnar for vekst, eller for reduksjon i fylket vårt, er det viktig at næringa for mogelegheit til å utvikle produksjonsformer som gir betre fiskehelse og kan løyse andre utfordringar. Det kan vere trong for omstrukturering, samlokalisering, endring av anlegg eller bruk av ny teknologi.

I tillegg må det også vere sett av areal for anna akvakultur enn produksjon av laks og aure; produksjon av marin fisk, dyrking av skaldyr og tare.

Det er i dag stor variasjon i korleis kommunane planlegg sjøområda og dermed kva føresetnader som gjeld for tilgang til lokalitetar. I einstilte områder er det ein open og fleksibel tilnærming til arealbruken i sjøområda, i andre områder går ein særst langt i å gjennomføre interesseavvegingane allereie på plannivå. I den siste tida har det også vore døme på at kommunane ønskjer å gje føresegnar som sett vilkår for drifta av akvakulturanlegg (eks Osterøy, Tromsø og Alta). Slike føresegnar kan fort kome i konflikt med akvakulturlova, så vel som andre sektorlover.

Det er viktig at det i Vestland fylkeskommune er ein samanheng mellom oppgåvene vi har som tildelingsmyndigheit og ansvaret for å ivareta akvakulturinteressene i kommunale arealplanprosessar.

Seksjon for Naturressursar, landbruk og reiseliv kan bidra til å styrke arealplanlegginga i sjøområda og sjå arealplanlegging i samanheng med oppgåva som koordinerande tildelingsmyndigheit for akvakultur.

## Oppsummering

Vestland fylkeskommune arbeider for ei mest mogleg kunnskapsbasert akvakulturforvaltning. Dette vil vi få til gjennom å sikre auka kunnskap om det marine miljø; kartlegging av havbotn, naturressursar og få meir kunnskap om biologisk mangfald.